



Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

ABO Plan og Arkitektur AS

Postboks 291
5203 OS

Dykkar ref.

Sakshandsamar:

Nina Bakanova

Vår ref.

2012/1780 - 0 -
25661/2012

Telefon

Arkivkode:

171/1

Dato:

29.10.2012

Delegert sak

Rammeløyve til tiltak til etablering av fortau på Gbnr 171/1 Seim

Kommunen gjev rammeløyveløyve til etablering av fortau som vist på teikning C-01, motteken 06.09.2012, kart og skildring motteken 06.09.2012, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Tiltaket vert ikkje tillete satt i gang før det ligg føre løyve til igangsetjing.

Igangsetjingsløyve vert gjeve etter at fullstendig søknad etter pbl§ 21-2 femte ledd er sendt inn og kontrollomfang er definert.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
ABO Plan & Arkitektur AS	S	SØK 1 Ansvarleg søkjar PRO 1 Ansvarleg prosjekterande

* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

Søknaden

Søknaden gjeld etablering av fortau på Gbnr 171/1. Det har vore søkt om mellombels dispensasjon frå rekkjefølgjeføresegn i reguleringsplan for del av gnr.172, bnr.3, 38, 59 Hopland og gnr. 171, bnr. 1 mfl. Seim- Seim skule. Dispensasjon er gjeve i PMU 14.12.2011.

Nabotilhøve og andre sine kommentarar

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3, og det er registrert merknader frå jan Erik Hopeland, datert 16.07.2012. Merknadene går i hovudsak på at nytt fortau, forutsatt at det vert teke omsyn til landbruksveg, vist på kart ved busskur.

Ansvarleg søkjar viser til merknad til nabovarsel følgjande:

For å unngå for store inngrep og etablering av mur i forbindelse med eksisterande landbruksveg, er denne foreslått flytta til enden av fortau på austsida av fylkesveg 402.

Tiltakshavar for arbeidet, Lindås kommune/ eigedomsavdelinga v/ Terje Fauske vil sørge for at det vert gjennomført synfaring på staden før anleggsarbeid tek til.

Merknaden blir med dette vurdert til å vere imøtegått.



Administrasjonen finn at plassering av tiltaket slik at det er vist på teikning C-01 begrenser inngrep og at det er teke naudsynt omsyn til landbruk.

Uttale frå andre mynde

Mellombels dispensasjon frå rekkjefølgjeføresegn i reguleringsplan er gjeve i PMU 14.12.2011.

Plangrunnlag

Eigedommen vert omfatta av reguleringsplan for del av gnr.172, bnr.3, 38, 59 Hopland og gnr. 171, bnr. 1 mfl. Seim- Seim skule vedtatt 10.05.2012 og ligg i området avsett til køyreveg og fortau.

Visuell utforming

Tiltaket har etter plan- og bygningsstyresmakta sitt skjøn gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til si funksjon og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf plan- og bygningslova § 29-2.

Plassering og høgdeplassering

Høgdeplasseringa vert godkjent som omsøkt, jf pbl § 29-4 første ledd.

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar. For plassering gjeld toleransegrenser for områdetype 1, jf standarden "Plassering og beliggenhetskroll".

Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Vatn- og avlaup

Ingen endring

Oppsummering og konklusjon

- Ut frå ei samla vurdering finn administrasjonen å kunne gå inn for det omsøkte tiltaket på dei vilkår som er angitt i løyve.

Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

Skildring	Antal	Beløp
C.5.2a3 Alle andre søknader		7.100,-
C.5.2b1 Tilleggsgebyr. Lite		2.600,-
C.4.3 Permanent eller mellombels dispensasjon frå reguleringsplan.		5.700,-
Totalt gebyr å betala		15.400,-

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunnjevast.

Med helsing

Einar Urheim
fagleiar byggesak

Nina Bakanova
sekretær

Kopi til:

Lindås kommune ved eigedomsavdelinga 5914 ISDALSTØ